

Fra: kultur@hfk.no

Sendt: 01.05.2015 18:49:20

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: søknad om kustnarstipend. saksnr. 2015/2149

Vedlegg:

Sokjar: Anja Elena Viken

Adresse: Vestre Fantoftåsen 24

epost: anjaelena.viken@gmail.com

Andre_kunstformer:

Foedselsaar: 1991

Skattekommune: Bergen

Orgnr_eller_personnr: 25069142004

Postnr_Stad: 5072

CV: CV

UTDANNING/ KURS:

2014: Songtimer ved Magne Skrede

2013 : Songtimer ved Marion Rodgers Løseth (Bergen Rytmiske Sangsenter)

September 2012- februar 2013: Regnskap med Mamut (AOF)

2011 : Kurs i Jazzvokal ved Martin Halla (AKKS Bergen)

2010-2011: Norsk, musikk og pedagogikk ved Høgskolen i Bergen

2008-2010: Steinerskolen videregående skule med fordjupning i musikk.

2008: Kurs i konsertlydteknikk ved NISS (Nordisk Institutt for Scene og Studio).

2007: Gitarkurs ved Mads Eriksen

2005 : Elev ved Bergen Kulturskule (Bergen Ungdoms Storband, Talentklassen og privattimar ved Elisabeth Vannebo.)

ARBEIDSERFARING:

2012-dagsdato : Sjølvstendig næringsdrivande (artist og komponist)

2013-2014: Gjesteskribent i lokalavisa Bygdanytt

2010: Skribent for mastergradsstudent (NAVs fadderordning)

2009-2010: Prosjektet ”Det gode liv” (drama og musikkurs for utviklingshemmede i regi av Norsk Forbund for Utviklingshemmede)

2009 til dagsdato: Assistent ved Seimshovden Bofellesskap

2008: Avab CAC (lyd)

Sommaren 2008: Aupair i Berlin

2005- 2008: Kaféansvarleg ved ungdomsklubben Bizarre (frivillig arbeid)

2006/2007: Vinter/sommarjobb ved Helgatun i Myrkdalen

VERV:

2015- dagsdato: Styremedlem i Bergen Viseforum

2009-2010: Styremedlem i AKKS Bergen

2005- 2008: Styremedlem ved ungdomsklubben Bizarre

UTGIVINGAR I NOREG:

2011

"Klæssar deg ned"

(Digital singel. Tellé Records. Tekst og melodi av Anja Elena Viken, framført av Anja Elena Viken. Produsent: Magnus Åserud Skyldstad)

2012

"Gatekredibilitet"

(Digital singel. Tellé Records. Tekst og melodi av Anja Elena Viken, framført av Anja Elena Viken. Produsent: Magnus Åserud Skyldstad)

2013

"I Morgen"

(Digital Singel. Cosmos Music Group. Tekst og melodi av Anja Elena Viken, framført av Anja Elena Viken. Produsent: Matias Tellez)

2013

"Født Forbryter"

(Digital Singel. Cosmos Music Group. Tekst og melodi av Anja Elena Viken, framført av Anja Elena Viken. Produsent: Matias Tellez)

2014

"Herfra til i morgen"

(Fysisk og digitalt album. Cosmos Music Group. Tekst og melodi av Anja Elena Viken, framført av Anja Elena Viken. Produsert og arrangert av Matias Tellez)

KONSERTAR:

2015

Huslyden, Bergen Offentlige Bibliotek

Det Akademiske Kvarter, Bergen

2014

Leveld Kyrkje, Ål

2013

Ung 13, Fana Kulturhus, Bergen

Vinjerock, Jotunheimen

Slottsfjellfestivalen, Tønsberg

Radarfestival, Hulen, Bergen

Landmark, Bergen

Opningskonsert UKM, Bergen

Bt-prisen, Grieghallen Bergen

2012

AKKS Jubileumskonsert, Det Akademiske Kvarter, Bergen

Velferdskonsert, Haakonsvern Bergen

Oseana Kulturhus

Periferifestivalen, Glesvær

Tellés sommerfest, Det Akademiske Kvarter, Bergen

Kjørrefjordfestivalen, Kjørrefjord

Ranglerock, Bryne

Bygdalarm, Øystese

Bergenfest

Uken12, Bergen

Landmark, Bergen (Under Natt&Dag-prisen)

By:larm, Oslo
 Nobel Bopel, Bergen
 Hulen, Bergen

2011
 Victoria pub, Bergen
 Vamoose, Bergen

PLAYLISTINGAR:

NRK P13:	Indianer (2014)
NRK P3:	Klæssar deg ned (B-listen, 2011-2012)
	I Morgen (C-listen, våren 2013)
	Født Forbryter (C-listen, sommer/haust 2013)
Studentradioen i Bergen:	Klæssar deg ned
	I Morgen
Göteborgs Studentradio:	I Morgen
Radiorakel:	Født Forbryter (juni 2013)
Ordentlig Radio:	Født Forbryter (B-listen, juni 2013)

ANNA RELEVANT INFORMASJON:

Eg har aktivt drive med musikk heile oppveksten. Eg arbeider no som songar og låtskrivar i sjangeren popmusikk, og har arbeida med musikk på fulltid sidan 2012. Debutalbumet mitt vart utgjeven 31. oktober 2014. Albumet består av 12 spor, der eg har skrive all tekst og melodi sjølv, og eg framfører også mine eigne tekstar. Med dette albumet var eg nominert til Spellemannprisen 2014 i kategorien "Årets nykommer".

Eg er medlem av Tono, Gramo, Gramart og Brak. Mine samarbeidspartnarar er Up Front Artist (bookingbyrå) og plateselskapet Cosmos Music Group.
Eige_verksemد: Eg er songar og låtskrivar innan sjangeren popmusikk. Eg komponerer all min musikk sjølv og arbeider med tekstar på både norsk og engelsk. Eg starta verksemda mi hausten 2011, og sidan den gang har eg gitt ut to digitale singlar, og eit album (både digitalt og i fysisk format). For debutalbumet mitt vart eg nominert til Spellemannprisen 2014 i kategorien "Årets nykommer". Eg har hatt fleire konserter på både store og små scener i heile landet og fått mykje speletid på radio. Mine samarbeidspartnare er bookingbyrået Up Front Artist og plateselskapet Cosmos Music Group. Under arbeidet med albumet, har eg også arbeida tett med produsent Matias Tellez, samt fleire musikarar som bidrar på innspeling og i det levande uttrykket.

Eg har ei brennande lidenskap for yrket mitt, og investerer mykje tid og arbeid i det. Eg er svært oppteken av at mitt arbeid er av høg kunstnarisk kvalitet. Mine viktigaste eigenskapar som musikar er at eg har eigenart, evne til nyskaping, stor gjennomføringskraft og eit ynskje om å stadig utvikle meg som kunstnar.

Eg har tidlegare arbeida mykje med å fortelje historier om menneske som står utanfor samfunnet av ulike årsaker, og eg brukar ofte eksistensielle problemstillingar som bakteppe i mine tekstar. Eg ynskjer å kunne nå ut til eit breitt publikum med min musikk, og å kunne formidle noko som kan være relevant for andre menneske.

Planar_for_stipendet: Prosjektet eg no søker om stønad til er komposisjon og innspeling av eit album. Eg søker difor om eit arbeidsstipend, slik at eg kan legge naudsynt arbeid og tid bak desse komposisjonane. Idéen bak desse songane er å komponere sterke og fengande popmelodiar, som skal formidle ei historie, både gjennom tekst og tone. Eg er svært oppteken av å utnytte alle nyansane i samspelet mellom tekst og melodi, og eg ynskjer å kommunisere med lyttaren gjennom alle laga av komposisjonen. Eg vil nytte eit arbeidsstipend til å vidareutvikle meg som komponist og utøvande musikar og å halde fram med å lære meg meir om mitt handtverk. Eg har fokus på å komponere musikk med meiningsfulle tekstar, og eg nyttar popmusikk som sjanger for å gje desse forteljingane ei brei plattform. Nyskaping er viktig for meg, og eg synes det er spanande å arbeide med nyansane og grenselanda i ein etablert og kommersiell sjanger som popmusikk er.

Eg skal ta fatt på arbeidet med å komponere albumet sommaren 2015, då eg blant anna skal delta på ein låtskrivarcamp i New York i august. Der håpar eg å møte nye samarbeidspartnarar og få nye impulsar. Eg planlegger deretter å gå i studio og starte innspelinga av albumet hausten 2015. Vidare tar eg høgde for å gi ut to singlar i løpet av hausten 2015, før albumet vert utgitt rundt februar 2016. I forbindelse med albumslepp, vil eg også setje opp ein Noregs-turné våren og sommaren 2016.

Mine ambisjonar er å vidare arbeide som skapande og utøvande musikar, få eit betre fotfeste i musikkbransjen og å nå ut til eit enda større publikum med min musikk. Eit stipend frå Hordaland Fylkeskommune hadde betydd svært mykje for mitt prosjekt

Presentasjon_dokumentasjon: Lenke til debutalbumet mitt, "Herfra til i morgen" på Spotify:
<http://open.spotify.com/album/0s7nYBFks1qWzex59ekPHZ>

"I morgen":
<https://www.youtube.com/watch?v=3IYSgkClwjg>

"Klæssar deg ned":
<https://www.youtube.com/watch?v=BpOxRHUwtHw>

Andre opplysningar:
Kunstgrein: Musikk